

VIGRESTAD BYGG AS

Skogateigen 33

4362 VIGRESTAD

Dato: 04.04.2023

Saksnr.: 2023/25123

Dok.nr.: 3

Saksbehandlar:

Angunn Skeiseid

**Karmøy kommune - gnr 25 bnr 26 - Taravikvegen 25 - ammekufjøs -
kulturminne – førehandsuttale vedrørande kulturminne.**

Fylkesdirektøren viser til førespurnad frå Vigrestad bygg AS om oppføring av tilbygg til eksisterande driftsbygning på gnr 25 bnr 26 i Karmøy kommune.

Fylkesdirektøren, ved seksjon for kulturarv, har vurdert førespurnaden som sektormyndighet innanfor kulturminnevern.

Ut frå vurderingar av kart og flyfoto og søk i kulturminnedatabasar, kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil komme i konflikt med automatisk freda kulturminne. Dette er kulturminne som er freda i medhald av Kulturminnelovens § 4.

Vi vil på den bakgrunn ikkje ha merknader til ein eventuell seinare søknad om tiltaket, med tanke på forholdet til automatisk freda kulturminne.

Fylkesdirektøren vil gjere merksam på at det er Karmøy kommune som skal behandle ein eventuell byggesøknad og som skal fatte vedtak. Vi vil understreke at dette brevet kun er å rekne som ein førehandsuttale når det gjeld forholdet til kulturminne.

Helsing

Jan G. Auestad

fungerande seksjonssjef

Angunn Skeiseid

rådgjevar

Kopi til:

KARMØY KOMMUNE

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.